



Lærdal kommune

Handlingsplan mot mobbing



HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

Arbeid mot mobbing er viktig og må vera ein sjølvstendig del av det daglege arbeidet på skulen. Skulen skal ha eit systematisk og breitt basert arbeid for eit godt psykososialt miljø. Dette er og lovpålagt etter opplæringslova kapittel 9a. Frå 01.08.17 vart opplæringslova 9A endra i §9 A-4: *Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø.*

Ein av endringane er at kravet om enkeltvedtak fell vekk. Ei ny aktivitetsplikt skal sikre at skulane handlar raskt og rett når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Aktivitetsplikta vert utløyst dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, uavhengig av årsak. At ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kan skuldast forhold som ligg utanfor skulen, men påverkar likevel korleis eleven har det der. Da gjeld aktivitetsplikta. Handlingsplanen skildrar korleis alle som er knytt opp skulen skal arbeide for at elevane skal ha ein best mogleg kvardag, fri for mobbing. Dette er ikkje berre ein menneskerett og eit krav i opplæringslova, men og ein heilt nødvendig føresetnad for å kunne tileigna seg kunnskap.

Det er mogeleg å førebyggja og redusera mobbing i skulen. Å komme tidlegast mogeleg i gang er viktig. Mobbeforskar Dan Olweus seier følgjande: *Når foreldre og skule bryt tausheta, deler informasjon med kvarandre og samarbeider om å finne løysingar, utan å skulde på kvarandre, kan dei koma langt i arbeidet med å redusere problemet.*

Det er viktig at både leiing og tilsette møter alle involverte med respekt. Dei som vert mobba, skal oppleve tilsette som tek vare på dei. Den som mobbar, skal møte tilsette som klart tek avstand frå det som er gjort, men som syner eleven respekt og har forventningar om endra åtferd.

Planen skal vere eit aktivt dokument som skal reviderast i tråd med dei erfaringane vi gjer oss og dei utfordringar vi står ovanfor. Denne planen skal handsamast årleg i samarbeidsutvala ved skulane i kommunen.

22.03.18

Rektor Gunn Beate Sjøthun Rektor Torfinn Grøtnebø Kommunalsjef Torunn Liltved



Innhald

Overskrifter	Side
Forord	2
Innhald	3
1. Opplæringslova	4
2. Definisjon	4
3. Hovudmål	4
4. Førebygging / tiltak (delmål 3.1)	5
5. Avdekking av mobbing – (delmål 3.2)	
- moglege teikn hjå den som vert krenkja/mobba	8
- moglege teikn hjå den som krenkjar/mobbar	
6. Handtering av mobbesaker (delmål 3.3 – 3.5)	10
7. Litteraturliste	12
8. Nyttige nettsider + Kjelder	13

1. Opplæringslova

§ 1-1 siste ledd, formålsparagrafen

Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Kapittel 9A Elevane sitt skulemiljø (utdrag)

9A-2: Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9A-3: Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.

§ 9A-4: Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd

§ 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

2. Definisjon

I «Manifest mot mobbing» vert mobbing definert slik:

Med mobbing meiner me gjenteken negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot nokon som har vanskeleg med å forsvare seg. Systematisk utestenging eller gjenteken erting på ein ubehageleg måte er også mobbing.

Med krenkande åtferd meiner ein handlingar, både fysisk og psykisk. Det er den som vert mobba som definerer om ein har blitt utsett for ei krenking, det gjeld også dei som kan forsvare seg.

For at åtferd skal definerast som mobbing, er det ikkje nok at nokon opptrer aggressivt:

- Åtferden må gjentakast, og det må vere ein ubalanse i styrkeforholdet mellom partane
- Den eller dei som mobbar må vere den sterkaste parten

Mobbing er ikke konflikt, men ein type overgrep.

Det er vanleg å dele dei som er involverte i mobbing inn i tre grupper:

- Mobbeoffer er dei som blir mobba utan sjølv å mobbe andre

- Mobbarar er dei som mobbar utan å bli mobba sjølve
- Mobbeoffer-mobbar er dei som både blir mobba og mobbar andre

Døme på mobbing:

- å bli baksnakka
- å få spreia rykte om seg
- å bli helde utanfor
- å bli pressa eller truga til å gjera ting som en ikkje vil
- å bli kalt noko stygt eller få ein stygg kommentar, til dømes om utsjånaden, klede, tru, eller dialekt
- å bli slått, dytta eller pirka på
- å få sekken sin, eller noko annet ein eig, kasta rundt
- å ikkje få vere med i grupper på sosiale media
- å aldri få kommentarar eller likes på bilete eller tekst på sosiale media
- å få sårande eller stygge meldingar, bilete og filmar
- at nokon spreiar bilete eller film av nokon som er nakne

Ver særskilt merksame på indirekte mobbing gjennom rykte, utfrysing og baksnakking, og mobbing via sosiale media

3. Hovudmål

Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt arbeidsmiljø, fritt for mobbing på skulen.

Delmål

- 3.1. Vi skal ha tiltak som hindrar at elevar vert utsette for mobbing.
- 3.2. Vi skal ha rutinar som gjer det mogleg å avdekke mobbing.
- 3.3. Vi skal følgje opp både mobbeoffer og mobbar.
- 3.4. Vi skal ha rutinar som sikrar god dokumentasjon.
- 3.5. Vi skal ha rutinar som legg opp til best mogleg samarbeid med føresette.

4. Førebygging / tiltak – (delmål 3.1) – Kva gjer skulen?

Det er viktig at læraren er ein tydeleg vaksen som eleven har tillit til, og at læraren er ein tydeleg klasseleiar. Samhandling mellom lærar og den einskilde elev sine føresette skal vera prega av gjensidig respekt, tillit og samarbeidsvilje. Elevmiljø og mobbing skal

vere tema i elevsamtalar, utviklingsamtalar og på foreldremøte. Føresette skal melde frå til skule om det er mistanke. Rektor har plikt til å følgje opp saka gjennom undersøking og aktivitetsplikta.

Gjennomføra ulike fellesarrangement/turar med fokus på eit godt fellesskap, på trinn, aldersblanda trinn, skule og med foreldre

- Gode overgangar → barnehage- småskulen, og mellom alle trinna. Sjå eigen utarbeidde plan.
- Vakt og tilsyn
 - Vaktliste på alle trinn (til oppslag)
 - Gule vestar
- «Zippys venner» – anti - mobbe opplegg for 1. – 3. klasse
- Klassereglar (vert laga i klassane ved skulestart og skal følgjast opp gjennom skuleåret)
- Ordensreglar
- Felles handheving av reglar
- «Handlingsplan mot mobbing» vert gjennomgått i klassane ved skulestart
- Foreldremøte: Gjennomgang av «Handlingsplan mot mobbing». Avklara forventningar mellom heim og skule.

Mobbing på internett og mobiltelefon er annleis enn mobbing ansikt til ansikt. Mobbing kan skje heile døgeret, og det er vanskeleg å verna seg mot. Mobbinga kan få større omfang ved at den vert spreidd overalt i den digitale verda. Mange elevar opplever digital mobbing. Ein må samarbeide med føresette, politi og andre for å avdekke og løyse digitale mobbesaker.

- «NETTVETT»:
 - Tema om nettmobbing og annan nettbruk i alle klassane
 - Temakveld om «NETTVETT» på eigne foreldremøte
 - Reglar for mobilbruk
- Fadderordning i småskulen
- Familiegrupper i småskulen (LØS)
- Temaveke/ venskapsveke – for alle elevar
- Godt skulemiljø:

- Forholdet mellom elevane og forholdet mellom vaksne og elevar
- Det skal vera trygt for elevane å ta opp krenkande åtferd frå elevar og vaksne
- God klasseleiing
- Skape eit trygt, godt og sikkert miljø i både klasseromssituasjonar og friminutt. Nulltoleranse for negativ åtferd.
- Elevsamtalar
- Utviklingssamtalar foreldre/elev/skulen
- Årlege undersøkingar: Lokal trivselsundersøking (ikkje-anonym spørjeundersøking) og nasjonal elevundersøking.
- Trivselstiltak:
 - mellom elevar. Døme: Opplegg på tvers av trinna
 - mellom heim/skule. Døme: Sosiale kveldar arrangert av skulen eller foreldre.
- God tilgang til positive uteaktivitetar/ uteareal i friminutta
- Miljøarbeidar ved skulane. Presentasjon ved skulestart
- Samtalegrupper hjå miljø arbeidar og helsesøster
- Heim – skulesamarbeid:
 - «Foreldreskule»
 - Vere gode vaksne rollemodellar

5. Avdekking av mobbing – (delmål 3.2)

Mobbing går oftast føre seg utan at vaksne er tilstades. Det kan vera vanskeleg å oppdaga, og svært mange av elevane som vert mobba, seier ikkje i frå om det som skjer. Difor er det viktig at alle er aktive på mange måtar for å avdekke mobbing

Skuleleiinga har ansvar for systematisk å analysere resultatane frå undersøkingar, og gjere resultatane og eventuelle tiltak kjent for elevar, føresette, tilsette, FAU, SU/SMU og politisk nivå. Skulen skal vere aktiv i forkant for å hindra mobbing.

- Årleg gjennomføring av lokal trivselsundersøking for heile grunnskulen (LØS)

- Årleg gjennomføring av elevundersøkinga for heile mellomsteget på Borgund, 7., 9. og 10. klasse på LØS.

Moglege teikn hjå den som vert krenkja /mobba¹

Elevar som vert utsette for mobbing, kan vise eitt eller fleire av følgjande teikn:

- Kan vera fysisk svakare enn sine jamaldringar (gjeld særleg gutar)
- Har få venner, går/står ofte åleine
- Er forsiktige, følsame, stille, tilbakehaldne og kanskje passive
- Gjentatt hakka på, skubba, dytta, hersa med
- Har generelt høgt fråvær
- Har ofte vondt i mage/ hovud
- Er engsteleg, ventar med å gå ut frå klasserommet i friminutta, søker kontakt med vaksen
- Har fagleg uforklarleg tilbakegang
- Har humørsvingingar, tek lett til tårer eller er aggressiv i konflikt
- Søker yngre venner
- Er ofte deprimert og lei seg
- Viser uvilje mot kroppsøving og symjing, kan ha «kroppsangst»
- Opplever å få bøker, pengar eller andre ting teke frå seg eller øydelagt
- Elevar som stel eller stadig ber om «ekstra» pengar heime, for å blidgjera mobbarar

Foreldre vert oppmoda om å melde frå om signal som kan tyde på at det føregår mobbing.

Moglege teikn hjå den som krenkjar /mobbar²

Elevar som er med på mobbing av andre elevar, eller som set i gang mobbing av andre, kan ha eit eller fleire av desse teikna:

- Utagerande/ hissige åtferd mot andre, blir fort sinte
- Vil erte, skubbe, sparke, osv
- Har sterk trong til å dominere og undertrykkje andre elevar

- Psykisk negativ åtferd mot andre: Kroppsspråk, mimikk, himling med augo, utestenging av andre (snu ryggen til, osb.)
- Negative kommentarar og baksnakking om eller til medelevar
- Får med seg, eller oppmodar andre om å vera med på plaging/krenking og baksnakking
- Er i generell opposisjon, trassige og aggressive mot vaksne, kan også verke trugande for vaksne
- Kan vera flinke til å snakke seg ut av vanskelege situasjonar
- Vert oppfatta som tøffe og syner lita medkjensle med elevar som vert mobba
- Høglytte kommentarar til eller om andre elevar t.d. om utsjånad, evner, eller ferdigheiter
- Mobbaren utviklar gjerne ei negativ haldning til skulen

NB! Ver merksam på samanstimlingar og «leikeslåssing». Elevar som mobbar, kan vera godt, middels eller dårleg likt i klassen. Dei har ofte støtte frå ei lita gruppe kameratar.

For å sikra framdrift i «Handlingsplan mot mobbing» skal det lagast eit eige årshjul på ulike tiltak.

For å gjera planen til eit nyttig og aktivt verktøy for skulane, skal det årleg vera ein gjennomgang av planen i SU og SMU. Det er rektor sitt ansvar å leggja til rette for dette.

6. Handtering og løysing av mobbesaker – (delmål 3.3 – 3.5)

1. Skulen får **mistanke om** eller **kjennskap** til mobbing. Den tilsette tek kontakt med rektor.
2. Det vert sett i gang **undersøkingar** og observasjonar for å skaffe informasjon og danne grunnlag for tiltak.

Det skal gjennomførast **samtale med alle involverte partar** kvar for seg, den som er blitt/blir mobba og føresette, den som mobbar og føresette.

Rektor avgjer om telefonsamtale med føresette er tilstrekkeleg som fyrste samtale. Dersom møte er nødvendig, skal det være minst to personar frå skulen tilstades,

kontaktlærer skal være den eine. I samtalane med eleven er det spesielt viktig at elevane har tillit til dei som deltek, og at det vert opna for dialog.

Det bør også gjennomførast samtaler med andre personar på skulen, for eksempel faglærarar, andre lærarar og tilsette i SFO.

3. Alle samtalar skal **dokumenterast** skriftlig med gjenpart til alle parter og oppbevarast i elevmappa på skulen. Mal i vedlegg 2 i prosedyreheftet kan nyttast.
4. Når mobbing vert avdekkja, skal skulen lage ein skriftleg plan. I planen skal det stå
 - a) Kva problem tiltaka skal løyse
 - b) Kva tiltak skulen har planlagd
 - c) Når tiltaka skal gjennomførast
 - d) Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
 - e) Når tiltaka skal evaluerast

For elevar frå 5. trinn vert det utarbeidd en skriftlig avtale som eleven skriv under på. Førsette skal alltid ha melding om at tiltak vert sett inn.

Planen skal vere klar seinast 30 dagar frå skulen har motteke meldinga. Dersom dette ikkje er mogleg, skal førsette ha foreløpig svar med grunngjeving for kvifor det tek lengre tid.

Det er ikkje klagerett til Fylkesmannen lenger, sidan det ikkje blir fatta enkeltvedtak. Men dersom elevar eller foreldre meiner at aktivitetsplikta til skulen ikkje er oppfylt, kan dei melde saka til Fylkesmannen (§ 9 A-6).

5. Tiltak kan settast inn på individnivå eller systemnivå.

Eksempel på **tiltak** kan vere :

- Informasjon til personalet
- Utvida inspeksjon
- Tett oppfølging av einskilde elevar (både den som blir utsett for mobbing og den som mobbar). Dette kan vere samtale med kontaktlærer, miljøterapeut eller sosiallærer.
- Tett foreldresamarbeid
- Alternativ organisering, sitteplass, gruppe, klasse, skule

Hendingar relatert til brot på ordensreglementet skal følgjast opp i høve til dette. Sanksjonane skal være kjente for eleven på førehand. Dei skal alltid dokumenterast.

6. Oppfølging/evaluering for å finne ut om tiltak som er sett i gang har ynskt effekt. Aktivitetsplanen skal innehalde tidspunkt for evaluering. Elles skal det gjennomførast oppfølgingsamtale med involverte elevar og ev føresette seinast tre veker frå den fyrste samtalen. Vedlagte mal i vedlegg 3 kan nyttast. Dersom det vert avdekka at mobbinga ikkje har opphøyr, skal saka følgjast opp breiare ved å trekke inn samarbeidspartnarar som helsesøster, PP – tenesta eller barnevernteneste.

På evalueringsmøte bør ein gjennomgå:

- Kva seier eleven heime og i elevsamtale – har eleven det betre på skulen?
- Kva observerer kontaktlærer?
- Har eleven nokon å vere saman med i friminutta?
- Har tilsette på skulen rapportert negative hendingar?

7. **Beredskapsteam mot mobbing**

Kommunen har «Beredskapsteam mot mobbing» som består av miljøarbeidar ved skulane, helsesøster, leiar for PPT og kommunalsjef for oppvekst. Teamet kan kontaktast ved mobbesaker som ein ikkje klarer å finne løysing på, eller dersom elevar/føresette opplever å ikkje bli høyrde av skulen. Teamet skal ikkje overta saka, men bidra til å finne ei løysing i lag med skuleleiinga.

8. Mobbing skjer overalt i samfunnet, også mellom vaksne og elevar. Dersom ein oppdagar at ein tilsett med ord eller handling trakasserer eller mobbar elevar, er dette svært alvorleg. Rektor har personalansvar for dei tilsette og er ansvarleg for å følgje opp alle klager. Rektor må handsama alle klager om mobbing frå dei vaksne som ei personalsak, og syte for at dette stoggar straks. I ny § 9 A-5 ligg det ei skjerpa aktivitetsplikt for skuleleiinga dersom slik krenking har funne stad.

Litteraturliste

Eit forpliktande samarbeid

Manifest mot mobbing

§1-1 Formålsparagrafen

Kapittel 9A, elevane sitt skulemiljø

«Slik er mobbaren»

Senter for åtferdsforsking Zero

- Avdekking
- Problem
- Førebygging

Den Norske Regjering

KS

Utdanningsforbundet

Fagforbundet

Skolenes Landsforbund

Foreldreutvalet for grunnskulen

Opplæringslova

Opplæringslova

Mobbeforskar Dan Olweus

Høgskulen i Stavanger

Nyttige nettsider

- a. Opplæringslova
- b. Opplæringslova kap 9a
- c. Heimesida til Lærdalsøyri skule
- d. Heimesida til Borgund skule
- e. Ordensreglane ved Lærdalsøyri skule
- f. Mål for skulane i Lærdal (LØS si heimesida)
- g. Barnekonvensjonen (artikkel 12)
- h. Forvaltningslova
- i. Lov om forbod mot diskriminering
- j. Likestillingslova (spesielt § 8a)
- k. Kunnskapsløftet (Læringsplakaten)
- l. Helse og omsorgstjeneste lov
- m. Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular
- n. Vaksne for barn
- o. Foreldreutvalet i grunnskulen – www.fug.no
- p. Utdanningsdirektoratet – www.udir.no
- q. Startside for skular i Noreg
- r. www.godskole.no
- s. Læringsmiljøsentret <http://laeringsmiljosenteret.uis.no>
- t. <https://www.udir.no/nullmobbing/>

Kjelde:

1. «Mobbing blant barn og unge»; Dan Olweus og Cecilie Solberg
«Hvordan vite om barnet ditt blir mobbet?» ; Barnevakten
«Cyber Training Manual: Taking Action Against Cyberbullying»
«Kriseperm: mobbing i skolen, en lærerveiledning»; Erling Roland/ G. Vaaland
2. «Mobbing i skolen, hva vi vet og hva vi kan gjøre»; Dan Olweus

ZERO, SAFS program mot mobbing – lærer veiledning; Erling Roland/G. Vaaland
Grete Sørensen, Senter for adferdsforskning, Universitetet i Stavanger 2006
Øyvind Stette: Kapittel 9A - Opplæringsloven, Elevenes skolemiljø (2017)